

Bord laga i lafteteknikk på Kjærland.

18.11.2016



Ferdig bord laga i lafteteknikk på Kjærland.

På søre Kjærland har Ståle Eik laga bord i lafteteknikk. Det er ingen spiker, naglar eller skruer i bordet, Alt vert sett saman slik det vart gjort med tømra stover i eldre tid. Sju deler skal til frå fot til ferdig bord med bordplate. Alt er laga i lerk.



[Sju deler vert sett saman frå fot til ferdig bordplate.](#)

Kunsten med lafting lærte Ståle på eit kurs for mange år sidan med Ole Jakob Albrethson som instruktør. Kurset var skipa til på Eikelandet og alle fekk trening i lafting med 3 x 3 meter lange stokkar. Det vart til slutt til små lafta stover. Eit større oppdrag var lafting og restaurering av kverna til Ingvald Skålnes i Åkra. Bordet på Kjærland er som sagt laga av 7 deler,- foten, langsgåande laft, laft for bordplata og sjølve bordplata. Det synlege kinn noko som vil sei at ein kan sjå hoggen flate. Bordet er laga i lerk,- frå eit rotvelta lerketre på bruket. Det er enno noko uvisst kva bordet skal behandlast med. Det kan bli Kinesisk olje. Dotter til Alvhild og Ståle Eik, Sylvi, er den lukkelege mottakaren av eit lafta bord frå Kjærland i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal